



Mari Ingelin Gausvik Heskestad
Galtenesvegen 58 A
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2069 - 18/18665

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:
06.09.2018

Endring av bygning og adresse etter samanslåing av 2 bueiningar til 1- GBNR 23/281

Etter søknad har kommunen endra opplysningar på dykkar bustad når det gjeld tal bueiningar og adresse.

De ynskjer endring fordi hybel ikkje skal leigast ut og fordi de vil få fritak frå kommunale avgifter for utleigedel.

De har opplyst at de skal bruka alt arealet i bustaden sjølv og ynskjer at registreringa av eigen utleigedel skal utgå. Dette medfører endring av bygningstype frå kode 112-Einebustad m/ utleigeleilighet – til kode 111 einebustad i matrikkelen. BRA som låg til utleigedel er lagt til hovuddel.

Adresseendring frå Galtenesvegen 58A til Galtenesvegen 58

De bad også om å få adressa til utleigebustad sletta. Då det er brukt adresse 58A og 58B her, vert det også adresseendring på dykkar adresse, frå 58A til 58. Dette fordi det ikkje er lov å bruke bokstav der det berre er ei adresse tilknytt husnummeret. Adressene er endra i matrikkelen.

Vedlagt ligg matrikkelrapport bygg som viser kva opplysningar som er registrert om bygget i matrikkelen. Dersom det skjer endringar i bruken av einebustaden må de senda inn ny melding om dette for nye endringar i matrikkelen.

Det vert sendt kopi av dette brevet til den som krev inn kommunale avgifter.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
23_281_einebustad